

Månadsbrev for januar/februar

Hei og hopp!

Hakkebakkeskogen

No er vi i full gang med eit nytt og spennande år. Vi har starta rett på felles prosjekt i heile barnehagen, nemleg Hakkebakkeskogen. Vi har hatt fast tidspunkt etter lunsj med gruppevis lesestund slik at alle har fått tid til å bli kjent med forteljingane frå boka. Dette har óg vore ein fin anledning for å roe ned og fokusere, samtidig som vi øver tolmodigheten ved å følgje med og lytte når andre fortel. Vi har høyrd på og sunge songane i hakkebakkeskogen. Barna har i lag med oss vaksne, klippa, lima, teipa, teikna, pynta og laga til ein Hakkebakkeskog på Lillerommet. Dette har blitt til eit magisk rom, der barna går i rolle som «Harepus», «Mikkel Rev» eller «Bestemor Skogmus». Vi har laga revemasker og bakerhattar til utkledding som óg innbyr til god rolleleik. Noko som er morosamt er når barna går inn i rolle, ser vi kor mykje dei har fått med seg av forteljingane, og dei gjengir ofte ordrett linjer frå boka eller songane som; «Jeg heter Mikkel Rev og har et revenesegrev».



Vi har blitt inspirert av dyra i hakkebakkeskogen til å ete sunnare, og har erstatta nokre fruktmåltid med grønnsaker for å bli meir vant til «nye» grønnsaker som kålrot. Ein dag hadde vi óg deilig varm gulrotsuppe med innslag av chili, ingefær og crème fraice, og så song vi grønnsaksspisevisa. Barna fekk sjølv prøve å justere styrken i suppa med å tilsette chili og crème fraice.



I utgangen av januar hadde Middagstuva laga show om Hakkebakkeskogen der dei song mange av songane og var utkledd som dyra. Stor begeistring hos barna som følger godt med. Her ligg gutane fint på rekke. →

På karnevalet avslutta vi prosjekt Hakkebakkeskogen med bursdagsfest for bamsefar, der harane kledde seg ut som Bakermester Harepus og revane som Mikkel Rev. Vi valgte å ha like kostymer på grunn av kjøpepress om å ha eit godt nok kostyme og for å utjevne sosiale forskjellar.



Turar

Vi har brukt hallen meir enn vanleg denne perioden, då vi har fått sjekka opp i når den er ledig og tatt fleire turar dit «på sparket». På grunn av mykje vind og is har barna syntes at det har vore topp å komme seg inn og boltre seg. Vi har óg tiltrettelagd turane litt slik at harane og revane har gått dit kvar for seg, slik har turane blitt meir aldersinndelt og enklare å tilpasse kvar enkelt barn og aktivitet. Vi har óg brukt Bjerkelibua til lunsjmåltid då det har vore kald vind ute.



Samefolkets dag

I veke 6 hadde vi fokus på samefolket og samiske tradisjonar i anledning samefolkets dag 6.2. Her teikna/tusja barna det samiske flagget og laga eit kunstverk med samiske fargar. Vi har høyrd på joik, kasta med lasso på reinsdyr, ete gahko(brød) og bidos(reinsdyrsuppe).



Soluka

Endeleg har sola kome tilbake til Glomfjord. Dette har vi markert med diverse aktivitetar. Klyppe og lime solstråler på ei rund sol. Barna vart oppteken av at sola var rund då dei skulle klyppe den ut, så vi vil ta barnas fokus med vidare i månaden og gå meir inn i temaet formar. Så då startar vi med sirkel og runde ting, der vi vil få barna meir oppmerksom på ting som er runde eller sirkulære. Vi har laga solbollar som vi åt ute i grillhytta, og generelt bruka mykje tid utandørs. På torsdag var alt på frokosten gult til ære for sola. Til og med mjølka var gul!! Slutten på soluka vart avslutta med eit heidundrande karneval.



Karneval



Karnevalet vart óg ein avslutning på prosjekt «Hakkebakkeskogen», der vi kledde oss ut og sminka oss som Bakermester Harepus og Mikkel Rev. 4.klasse frå Glomfjord skole kom på besøk, så det var fullt hus og barna fekk gå fritt rundt på heile storsia. Vi hadde disco med limbo og dans og full fart, ballongrom, og dei som ville ta det roleg kunne lese i boka eller teikne. Så fekk alle pølser, før vi til slutt feira bamsefar sin fødselsdag med kake, akkurat som i boka.

